



**Arbeidarpartiet**

## **Politisk plattform 2019-2023**

### **Bakgrunn og mål for samarbeidet**

Stord kommune har gode føresetnader for å skapa ei trygg og god framtid for innbyggjarane våre. Samstundes står kommunen framfor store utfordringar i åra som kjem som vil krevja kloke vegval, og godt samarbeid på tvers av politiske skilje og med innbyggjarar, næringsliv og overordna myndigheter.

Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti vil i valperioden 2019-2023 saman danna eit politisk fleirtal som vil ta naudsynte grep for å sikra kommunen ei berekraftig framtid med fokus på grøn omstilling, trygging og bygging av arbeidsplassar og gode kommunale tenester bygd på fellesskapsløysingar.

Dei tre partia vil samarbeida for at stordsamfunnet skal vera prega av fellesskap og tryggleik for alle. Me vil at Stord skal vera eit raust regionssenter og ein motor i utviklinga av sunnhordlandsregionen. Me vil ta ansvar for å ta vare på natur- og arts mangfaldet vårt, og sørge for at Stord tek ei leiarrolle i utviklinga mot nullutsleppssamfunnet.

Me vil leggja vekt på å søkja breie politiske samarbeid i kommunestyret og å ha ein open og god dialog med innbyggjarar, kommunetilsette, privat næringsliv, fagrørsla og frivillige lag og organisasjonar.

### **Økonomistyring**

Koalisjonen vil gjennom god økonomistyring og klare prioriteringar bevare velferdscommunen og slik sikra tryggleiken til innbyggjarane i ulike fasar av livet. Ein sunn kommuneøkonomi er ein føresetnad for å gje gode tenester. Difor vil koalisjonen prioritera å sikra ei langsigktig og berekraftig utvikling av driftsbudsjettet og ei forsvarleg gjeldsutvikling.

Det vil krevja stram styring av økonomi og forbruk, god budsjettering og prosjektstyring, kontinuerleg effektiviseringsarbeid og kritisk gjennomgang av planlagde investeringar. Samarbeidspartia vil også gjennom aktiv utvikling av kommunale eigedommar styrka kommunen sine inntekter.

#### **Økonomiske styringsprinsipp:**

- Eigedomsskatten skal primært nyttast til kapitalkostnader til nye investeringar og nedbetaling av gjeld.
- Inntil 10 % av eigedomsskatten kan nyttast til verdibeverande vedlikehald.
- Inntil 2 % av eigedomsskatten kan nyttast til frivillige lag og organisasjonar som bidreg til auka livskvalitet, integrering og førebyggjande arbeid for born og unge.

- Budsjettet skal gjerast opp med eit årleg overskot på minimum 1,75 % av driftsbudsjettet.
- Total inntekt frå eigedomsskatt skal ikkje aukast frå 2019-nivå.

**Investeringar – hovudprioriteringar i denne perioden:**

- Ny Nysæter ungdomsskule med allsidig symje-, idretts- og kulturdel.
- Utbygging av skulekapasiteten i Langelandskrinsen dimensjonert for forventa elevtalsutvikling.
- Ny kommunal avdelingsbarnehage i Sagvåg/Litlabø-området.

## **Arbeidsliv**

Eit trygt og anstendig arbeidsliv med ei løn å leva av er ein grunnstein for eit godt liv. Samarbeidspartia vil at Stord kommune skal vera ein god og inkluderande arbeidsgjevar der partssamarbeid er fundamentet for kontinuerleg utvikling av kommuneorganisasjonen. Kommunen må også ta ansvar for å bidra til ryddige og trygge arbeidsforhold elles i samfunnet.

Koalisjonen vil:

- utvikla tenestene i kommunal regi.
- vidareføra systematisk partssamarbeid på alle nivå. Reell medråderett og tillitsfullt samarbeid mellom tillitsvalde og leiing skal gjennomsyra heile organisasjonen.
- minst oppfylla krava til samfunnskontrakt for partane når det gjeld lærlingar, og sørja for at Stord kommune tilbyr lærlingplassar innan så mange fag som mogleg.
- vidareutvikla arbeidet for å motverka sosial dumping i samsvar med "Stordmodellen" også på andre område enn bygg og anlegg.
- arbeida for at Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum og dei andre sunnhordlandsommunane innfører seriøsitetskrav i sine innkjøp og anbod.
- at Stord kommune skal vera ein inkluderande arbeidsgjevar der varsling vert teke positivt imot.
- at Stord kommune vert ein føregangskommune når det gjeld heiltidskultur og rett til faste heile stillingar. Samstundes skal kommunen vera ein inkluderande arbeidsgjevar som legg til rette for individuelle tilpassingar.
- styrkja kommunen som organisasjon gjennom kontinuerleg forbettingsarbeid i samarbeid med dei tilsette.
- sikra ei open og oversiktleg kommuneforvalting der det er klåre skilje mellom administrasjon og politikk.
- at Stord kommune skal vera ein attraktiv arbeidsplass som tiltrekker seg nok og relevant kompetanse.

## **Oppvekst og skule**

Stord skal vera ein god kommune for born og unge. Familien som samfunnet sin viktigaste grunnstein må vernast og styrkast. Koalisjonen vil leggja vekt på å skapa eit inkluderande oppvekstmiljø som verdset og gjev rom for utvikling for mangfaldet av born og unge med ulike ressursar og føresetnader.

Inkluderande barnehage, skule og SFO gir gode læringsmiljø som byggjer robuste og inkluderande born og ungdommar. Stordskulen skal vera prega av heilsakapleg tenking og samarbeid, og leggja til rette for at alle born og unge får ei god grunnskuleutdanning. Barnehagane og skulane er sentrale i arbeidet for å fremja god livskvalitet og utvikling. Dei

tverrfaglege emna i den nye læreplanen, «demokrati og medborgarskap», «berekraftig utvikling» og «folkehelse og livsmeistring», må difor vektleggast i Stordskulen.

#### Koalisjonen vil

- at Stordskulen skal vera prega av samarbeid mellom skulane.
- arbeida for å hindra fråfall, at strategi for inkluderande barnehage, skule og SFO blir vidareført, og at arbeidet mot mobbing blir samkjørt mellom skulane og barnehagane. MOT-arbeidet skal vidareførast, evt. som del av det nye læreplanemnet «livsmeistring».
- satsa på pedagogisk og fagleg bevisst bruk av IKT, kreativitet, utforsking, praktisk arbeid og fysisk aktivitet i undervisninga, og så langt som råd leggja til rette for at lærarane har rammer og kompetanse som gjer dette mogleg.
- at Stordskulen skal vera framtidsretta, og samarbeida med Høgskulen og næringslivet der dette er tenleg. Høgskulen på Vestlandet Campus Stord er sentral mellom anna for å ha god lærar- og sjukepleiardekning i Sunnhordland, og me må difor arbeida for at høgskulen framleis skal ha eit fullverdig utdanningstilbod.
- at skulegudstenester knytt mot kristne høgtider skal vera ein naturleg del av skulen sine aktivitetar, samstundes som det skal sikrast gode alternativ til elevar som ikkje deltek på desse.
- at elevar som skipar lag og grupper skal få stor fridom til å nytte skulen sine lokale.
- at SFO skal vera eit reelt tilbod for alle, og mellom anna sjå på ordningar for søskensmoderasjon og utjamning.
- sikra ei god grunnbemannning i skule og barnehage og ein velfungerande vikarpool.
- leggja til rette for gode fritidstilbod i samarbeid med frivillige.
- sikra nok ressursar slik at barnevernet kan gå inn på eit tidleg tidspunkt og driva aktivt førebyggjande arbeid.
- prioritera skular i offentleg eige, men vera opne for etablering av private skular med religiøs eller alternativt pedagogisk opplegg i tråd med privatskulelova.
- å leggja til rette for at nyutdanna lærarar skal få ein eigen mentor som har eit spesielt ansvar for å følgje opp nytilsette.
- etablira eit team som får ansvar for å ta tak i familiekriser som ikkje vert fanga opp av andre tenester i kommunen.
- søkja om å delta i pilotprosjekt for etablering av «fritidskortet» for å bidra til at alle kan delta i fritidsaktivitetar.

#### **Rehabilitering, helse og omsorg**

Ei verdig eldreomsorg er eit prioritert felt innan pleie og omsorg for koalisjonen i den komande perioden. Målet er å ha eit godt tilbod av sjukeheimslassar, omsorgsbustader og hjelpe heime. Med den nye sjukeheimen vil me ha auka kapasitet til å fasa inn fleire sjukeheimslassar ut frå behov og økonomisk bereeavne. For dei eldre og pleietrengande som bur heime, er ny velferds-teknologi gode hjelphemiddel som skal nyttast saman med god sosial omsorg og mellom-menneskeleg kontakt. Dette for at dei kan bu heime så lenge det er forsvarleg og ynskjeleg.

Barn og unge slit stadig meir med psykiske vanskar og sjukdom, og dette er noko me vil ha fokus på i den kommande periode. Koalisjonen vil leggja vekt på førebygging, friskliv og systematisk folkehelsearbeid. Me vil her peika på behovet for eit utvida samarbeid med frivillige lag og organisasjonar som føresetnad for gjennomføring av ei slik satsing.

#### Koalisjonen vil:

- jobba for auka sjukeheimskapasitet i planlagt tempo, eller raskare ved behov.
- rehabilitera den eldste delen av Stord sjukeheim.
- øyremerka rehabiliteringssenteret til rehabilitering og korttidslassar.

- søkja om statleg støtte til etablering av produksjonskjøkken på den nye sjukeheimen og gje bebuarane tilbod om meir mat produsert lokalt på sjukeheimen.
- oppretthalda satsinga på velferdsteknologi og tiltak i "Godt å bu heime"-prosjektet.
- arbeida for eit breiare dag- og aktivitetstilbod for eldre, også i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- at kommunen skal ha eit tenleg tilbod om avlastningsplassar for born med særskilte behov.
- at kommunen skal ha eit godt og forsvarleg tilbod for utviklingshemma.
- styrka arbeidet med psykisk helse ved å tilsetja kommunepsykolog.
- satsa på kompetanseutvikling og rekruttering av fagkompetanse til helsetenestene.
- oppretthalda tilboden ved lokalsjukehuset på Stord, inkludert akutt- og fødetilboden.
- vidareutvikla arbeidet til SLT-koordinator og Utekontakten, samt frivillige lag og organisasjonar som jobbar inn mot førebygging og hjelp ved alkohol- og rusmisbruk.
- arbeida for verdige livsrammer for vaksne rusmisbrukarar ved m.a. å vidareføra ordninga med legemiddelassistert rehabilitering.
- satsa på systematisk førebyggjande helsearbeid for å betra folkehelsa, m.a. gjennom folkehelsekoordinatorstillinga.
- fastsetja skjenke- og salstider som legg til grunn omsynet til folkehelse og ein seriøs utelivsbransje.
- føra ein restriktiv alkoholpolitikk rundt tildeling av generelle skjenkeløyve og ambulerande løyve. Omsynet til skjerming av born skal vega tungt.
- at Stord kommune framleis skal leggja vekt på god integrering av nye innbyggjarar, m.a. ved å vidareføra ordninga med Kontaktutval for innvandrarar.
- gje gode vilkår for krisesentera og arbeidet mot valdtekst og vald i nære relasjonar.

## Klima og miljø

Stord kommune har ein variert natur der innbyggjarane har tilgang til sjø, skog og fjell. I kombinasjon med tettstadmiljø i utvikling og tradisjonsrike kulturlandskap utgjer dette eit viktig grunnlag for velferd og livskvalitet for innbyggjarane. Det må difor vera eit prioritert mål å ta vare på kvalitetane i natur- og kulturmiljøet vårt.

Samstundes må me i Stord kommune ta vårt ansvar for å motverka klimaendringane, som er det største trugsmålet mot velferd og livskvalitet i framtida. Omsynet til klima og miljø må difor trekkjast inn i alle politiske avgjerder.

Koalisjonen vil:

- at planarbeid og øvrig politikkutforming i Stord kommune skal byggja på FN sine berekraftsmål og Vestland fylkeskommune sitt mål om null klimautslepp i Vestland innan 2030.
- etablera årlege klimabudsjett og -rekneskap seinast innan 2022.
- samarbeida med sentrale aktørar i næringslivet og frivilligheita om å gje Stord kommune til ein føregangskommune innan grøn omstilling og til å nå nullutsleppsmålet.
- fullføra miljøsertifiseringa av kommunale bygg.
- at nye kommunale køyretøy skal vera fossilfrie innan 2030.
- leggja til rette for meir bruk av fornybare energikjelder innan alle sektorar.
- sei klart nei til vidare vindkraftutbygging på Stordøya. Arbeida for vindkraft til havs.
- redusera bruken av plast i kommunen. Vera ein pådrivar for plastopprydding i Sunnhordland.
- stilla klima- og miljøkrav i kommunale innkjøp og byggjeprosjekt.
- ta vare på arts- og naturmangfoldet i kommunen.

## Kollektiv og samferdsel

Stord skal vere ein attraktiv kommune med framtidsretta og miljøvenlege transportløysingar som både lettar kvardagsreisene og legg til rette for eit konkurransekraftig næringsliv. Saman med Vestland fylke vil me auka bruken av kollektive reiseformer. Den viktigaste transportåra for Stord er E39, men utbygging av E39 må og sjåast i samanheng med tilknytingsvegar som gir betre samferdsleløysingar i Sunnhordland.

Koalisjonen vil:

- at Stord kommune skal vera pådrivar for oppstart og gjennomføring av ferjefri E39 mellom Bergen og Stavanger etter vedtekne statlege planar.
- prioritera E134 over Haukeli som den viktigaste vegen mellom Vestlandet og Austlandet.
- utarbeida reguleringsplan for Huglasambandet og etablera eit økonomisk gjennomførbart prosjekt saman med Vestland fylke.
- arbeida for betre kommunikasjon mellom kommunane i Sunnhordland og leggja til rette for at det skal bli gode tilførslevegar til E39.
- arbeida for realisering av Sunnfast.
- leggja til rette for sykkel som føretrekt transportmiddel gjennom samarbeidet «Sykkelen Stord» og gjennomgåande sykkelvegar.
- planleggja bilfrie hjartesonar rundt skulane i kommunen og sikre trygge skulevegar.
- innarbeida «Barnas transportplan» i trafikksikringsplanen i kommunen og arbeida for å bli sertifisert som «Trafikksikker kommune» av Trygg trafikk.
- betra kollektivtilbodet til/frå og innan kommunen med spesielt fokus på busstilbodet mellom dei ulike bydelane på Stord. Sikre at Vestland fylke og Skyss tar Stord kommune med på råd når ruter for buss, båt og ferje vert utarbeidd.
- styrkja hurtigbåttilbodet i regionen og mot knutepunkta rundt oss, og leggja til rette for at nye hurtigbåtar skal ha nullutslepp.
- løfta opp Stord som satsingskommune for transport med nullutslepp. Mellom anna ved å leggja til rette for fleire ladestasjonar for elbil og påfyllingsstasjonar for hydrogen til både køyretøy og båtar.

## Næring og sysselsetting

Stord og Sunnhordland er avhengig av ein politikk som aktivt legg til rette for framtidas arbeidsplassar. Samstundes som olje- og gassindustrien i mange år framover skal bidra til verdiskaping og arbeid, er det også innafor denne industrien kompetansen til å koma med nye løysingar på klimautfordringane finst. Stord må arbeida kontinuerleg for å ha eit omdøme som ein næringsvenleg kommune.

Koalisjonen vil:

- vera ein tilretteleggjar og medspelar for å vidareutvikla eksisterande næringsliv og støtta nyoppstarta næringar.
- gjera Stord og Sunnhordland til ein leiande region i det grøne skiftet.
- arbeida for at offentleg regelverk og innkjøp bidreg til å skapa marknader for nye klimavenlege løysingar, særskilt innan maritim sektor.
- sikra at det vert sett av tilstrekkeleg næringsareal til ulike føremål, også til sjø, gjennom revisjon av kommuneplanen.
- målretta vidareutvikla Leirvik som kommune- og regionsenter
- bidra til eit seriøst og inkluderande arbeidsliv.
- arbeida aktivt for at Stord skal ha eit tilbod på vidaregåande skule og innan høgare utdanning som tilfredsstiller næringslivet sine behov for kompetanse.

- sikra landbruket i Stord gode rammevilkår og bidra til nyskaping.
- styrka kommunen si rolle som regional samfunns- og næringsutviklar og som likeverdig medspelar i møtet med ressurssterke aktørar i næringslivet, regionråda, FoU- miljøa i regionen m.v.
- sikra at kommunen si førstelineteneste innan næringsutvikling har tilstrekkelege ressursar til å støtta gründerar og lokalt næringsliv.
- seja nei til sundagsopne butikkar på Stord og bevare sundag som ein annleis dag for avkopling, rekreasjon og som heilagdag.
- arbeida aktivt og i samarbeid med nabokommunane for at Stord og Sunnhordland skal bevare og få nye statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar.

## **Kultur, idrett og frivillig arbeid**

Koalisjonen vil støtta organisasjonar og andre aktørar i det lokale kulturlivet og prioritera høgt utvikling av arenaer og møteplassar der innbyggjarane både skaper og møter kulturuttrykk. Koalisjonen vil leggja vekt på eit godt samarbeid med organisasjonar som har kultur, idrett og frivillig arbeid i fokus.

Koalisjonen vil:

- sikra eit breitt og inkluderande tilbod i Kulturskulen og gode lokalitetar for drifta.
- støtta etablering av tilbod for vaksne i kulturskulen.
- arbeida for eit tett samarbeid mellom kulturskulen og skulen med sikte på å gje fleire born tilgang til kulturskuletilbodet.
- sikra utbygging av allsidig kultur- og idrettsanlegg på Nysæter.
- arbeida for regional ishall på Vikahaugane.
- vidareføra ordninga med at dei lokale idrettslagene får medansvar og støtte til drift av sine næranlegg.
- gje kyrkjeleg fellesråd gode vilkår, og vera ein støttespelar i planlegging av kyrkjelydshus.
- støtta og samarbeida med frivillige lag og organisasjonar, og vera ein konstruktiv samarbeidspartner for festivalar og arrangement.
- framheva nynorsk som identitetsmarkør for Stord kommune både lokalt og i resten av landet.
- styrkja og utvikla Kulturhuset som ein kulturell og sosial møteplass for Stord og regionen.
- nyttja ressursane til mellom anna Frivilligsentralen for å leggja til rette for at lag og organisasjonar og andre frivillige kan bidra til tiltak som gjev eldre, sjuke og andre grupper betre livskvalitet.

## **Forvaltning og plansaker**

Koalisjonen vil føra ein areal- og planpolitikk som legg til rette for vekst i næringsaktivitet og folketal. Samstundes vil me sikra verdfulle friluftsområde slik at også framtidige generasjonar skal ha god tilgong på varierte natur- og friluftsopplevelingar.

Koalisjonen vil:

- at kommuneplanen skal vera styrande dokument for arealbruken i kommunen.
- ha ei restriktiv haldning til dispensasjonar frå kommune- og reguleringsplan, og primært berre opna for dispensasjon i saker knytt til strategisk næringsutvikling.
- at kommunen skal vera ein pådrivar og medspelar for å leggja areal til rette for næringsutvikling.

- at grunneigarar skal involverast tidleg når kommunen ynskjer å omdisponera areal. Stord kommune skal aktivt følgja opp 0-visjonen for omdisponering av matjord
- satsa på fortetting innanfor eksisterande bustadområde. Viktige friluftsområde, særskilt langs sjø, skal ikkje omdisponerast til utbygging.
- ha fokus på universell utforming av bustader og bygg.
- ta særskilt omsyn til Huglo sine behov for utvikling av lokalsamfunnet.
- ivareta mest mogleg av Landåsen i planlegginga av ny E39 over Stord.

## **Verv og posisjonar**

Ap, Sp og KrF inngår med dette ein intensjonsavtale om samarbeid i perioden 2019-2023. Partia forpliktar seg til å følgja den politiske plattforma som er lagt fram og underteikna. Vidare forpliktar partia seg til på dette grunnlaget å fremja eit felles, ansvarleg budsjettforslag kvart år i perioden.

Ap, Sp og KrF er einige om at Ap skal ha ordførarvervet og Sp varaordførarvervet. Dei tre samarbeidspartia skal ha kvar sin komitéleiar. Sp og KrF skal ha til saman tre plassar i formannskapet og kvar av dei tre fagkomiteane.

## **Underteikna:**

Kommunestyregruppene til Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti 2019-2023:

Stord, 14.10.19